

## Vi treng ei storsatsing på kollektiv no

I Oslo, som i dei andre storbyane, er bilkøyring viktigaste kjelde til både klimagassutslepp og luftforureining. Bilbruk er dessutan arealrevante i byområder og omfattande bilbruk fortrenger naturområde og fellesareal, og krever stadig nye dyre motorvegutbyggingsar.

Byane treng ein politikk som reduserer transportbehovet og fremmar trivelege buområde og sentrum. Storbyane må prioritere kollektivtransport, gåande og syklande framfor stadig meir bilkøyring og motorvegbygging. Dessutan må både person- og kollektivtrafikken i Oslo elektrifiserast.

Skal vi begrense trafikken utan å samstundes å redusere folk sin mobilitet, trengs det ei kraftsatsing på kollektivtransporten. Kollektivtransporten i by er effektiv. Over to av tre reiser som gjennomføres i Oslo er miljøvennlege— det vil si til fots, med kollektivtransport eller med sykkel. Oslo og Akershus hadde i 2018 387 millionar påstigningar. Nye Lysaker t-banestasjon kjem til å ha 24.000 passasjerar kvar dag.

Veksten i kollektivtrafikken i Oslo er kraftig, men kapasiteten er sprengt. T-banetunellen under Oslo har ikkje meir kapasitet. Oslo satsar stort på kollektivtrafikken, og tek inn betydelege summar til kollektivdrift gjennom bompengart, men dei investeringane som ein no står overfor er det likevel ikkje økonomisk handlingsrom for kommunalt. Staten må no på bana. Utan at det skjer, vil innbyggjarane i Oslo og nabokommunane bu i område der det er store restriksjonar på bilbruk, men der kollektivinvesteringane ikkje held tritt og der tilbodet difor vert for dårlig. Staten fullfinansierer togutbygging. Det er naturleg med same finansiering av stor t-baneutbygging.

For få folk med på klimadugnaden er vi nøydde å tilby gode alternativ til å velje bil. Miljøkampen er difor avhengig av at vi satsar tungt på kollektiv, sykkel og gange i storbyane. Det fins knapt noko betre fordelingspolitikk enn å gi folk moglegheit til å velgje kollektiv framfor dyr bilbruk. Kollektivsatsinga må derfor sjå byen som heilheit, ikkje berre delane med best eksisterande infrastruktur, for å gjere det enkelt for alle i eller i nærlieken av dei større byane å leve utan bil.

Kollektivinvesteringar i byane er naudsynt for å unngå endå dyrare motorveginvesteringar i byområde. Samferdselspolitikken til SV bør kombinere kollektivsatsing i byar og tettstader og naudsynte veginvesteringar slik som rassikring i distrikta. SVs forslag til arbeidsprogram for 2021-25 treng gje byane løfter om kollektivinvesteringar i storbyane. Oslo SV vil kjempe for dette.

### Oslo SV ynskjer:

- ei storstilt satsing på kollektiv- og sykkelinfrastruktur i byane
- at kollektivtrafikken skal bli utsleppsfree så raskt som råd og seinast i 2028
- at staten sikrar rask gjennomføring av viktige kollektivtiltak ved ei investeringspakke for fullfinansiering av kollektivinvesteringar i storbyane